



*Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.*

*For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".*

## Helsefagarbeidar - 100% vikariat

### Stillingsinformasjon

Meland heimeteneste har ledig 100% vikariat for helsefagarbeidar frå 01.07.2018 - 01.09.2019.

I turnusen er det dag og kveldsvakter, og med arbeid tredje kvar helg. Vaktene inngår i den ordinære heimetenesta, men vil og vere knytt mot brukarar med nedsett funksjonsevne. Praktisk bistand er og ei teneste som høyrer med til stillinga. Heimetenesta har kontor både på Frekhaug og Vikebø. I dei fleste vaktene er det oppmøte på heimetenestekontoret på Vikebø.

### Kvalifikasjonskrav

Norsk autorisasjon som helsefagarbeidar.

Vi ynskjer ein person som er arbeidsom, pliktoppfyllande, fleksibel, lett å samarbeide med.

Du må også ha evne til å arbeide sjølvstendig.

Gode norsk kunnskapar.

### Vi tilbyr

Eit stimulerande og godt fagleg arbeidsmiljø.

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 27.05.2018

Utlyst dato 09.05.2018

Vårref

47/18

### Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimeteneste, mobil: 994 97 611, [britt.romarheim@meland.kommune.no](mailto:britt.romarheim@meland.kommune.no)